



Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyre
Møtestad:	Rådhuset kommunestyresalen
Dato:	26.02.2026
Tid:	Kl. 10:00 - 16:00

Faste medlemmer som møtte:	Parti
Birgitta Hagen Kyrkjebø	AP
Frode Merkesvik	AP
Hege Rusti	AP
Kristin S. Råsberg	AP
Petter Sortland	AP
Wenche Kristin Røkenes	AP
Øyvind Fjelde	AP
Are Sæbø Øvreås	H
Hroar Holm Carlsen	H
Einar Rysjedal	Raudt
Hedda Andrine Skår Indrebø	Raudt
Aina Brendsdal Forthun	SP
Geir Helge Østerbø	SP
Jonas Haugsbø	SP
Kristin Myren	SP
Jan Erik Dregelid	UAVH
Leif Arne Fureli	UAVH

Forfall meldt frå følgjande medl	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Monica Oppedal	AP	Amalie Strandos Måredal	AP
Mathias Raknerud Hatlestad	Raudt	Ingunn Kandal	Raudt
Heidi Marie Skaar Beinnes	SV	Tanja Strandheim	SV
Dag Sture Fjeldsbø	UAVH	Karstein M. Larsen	VIpartiet

Frå administrasjonen møtte:	
Ørjan Haram	Kommunedirektør
Jorunn Flæthe	Sekretær

Underskrifter:

Petter Sortland

Kristin Sagerøy Råsberg

Hroar Holm Carlsen

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
005/26	Referatsaker og meldingar	
006/26	Kommunedirektøren si orientering	
007/26	Kontrollutvalet si årsmelding 2025	
008/26	Innføring av Høyanger som TryggEst-kommune	
009/26	Debattheft 2026	
010/26	Forskrift om skulerute for Høyanger kommune, skuleåret 2026 - 2027	
011/26	Prosjektmidlar kultur og folkehelse - justering av tildelingskriterium	
012/26	Allmenn taksering eigedomskatt - endring av eigedomskattevedtekter	
013/26	Temaplan og samarbeidsavtale for skulebibliotek	
014/26	Plan for barnehage- og skulestruktur	
015/26	Legetenesta - utekontor	
016/26	Prosjekthandbok	
017/26	Kommuneplanen sin arealdel 2026–2038	

005/26: Referatsaker og meldingar

Kommunestyre 26.02.2026

Behandling:

Innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Referatsaker og meldingar

Referatsaker og meldingar som låg føre vart tatt til orientering.

KS- 005/26 VEDTAK:

Kommunestyret tar referatsaker og meldingar til orientering.

006/26: Kommunedirektøren si orientering

Kommunestyre 26.02.2026

Behandling:

Kommunedirektør, Ørjan Haram, orienterte om følgende saker:

- Brann og redning - førebyggjande analyse og beredskapsanalyse v/Einang Safety Consult AS, Paul Henriksen
- Norsk kjernekraft AS, v/Steffen Oliver Sæle
- Høyanger bustadstifting (HBS) si overtaking av Lavik helse og omsorgssenter inkl Gulehuset v/styreleiar HBS Frode Øren
- Etablering av Newton-rom v/Studiesenteret Kysten, Aina Drage
- Lavik symjehall - status etter dialogmøte v/einingsleiar bygg og eigedom Steffen Luggenes
- Status frå drift:
 - Positivt svar på søknad om deltaking i nettverk om berekraftig utvikling
 - Årsrekneskap
 - Oppdragsbrev 2026

Presentasjon av orienteringssakene, blir lagt til som vedlegg i saka, etter møtet.

KS- 006/26 VEDTAK:

Kommunestyret tar orienteringane til vitende.

007/26: Kontrollutvalet si årsmelding 2025

Kontrollutvalet sitt framlegg:

Kommunestyret tek kontrollutvalet si årsmelding for 2025 til vitende.

Kommunestyre 26.02.2026

Behandling:

Leiar for kontrollutvalet, Astrid Refsdahl, presenterte årsmeldinga.

Avrøysting

Framlegg frå kontrollutvalet: Samrøystes vedteke

KS- 007/26 VEDTAK:

Kommunestyret tek kontrollutvalet si årsmelding for 2025 til vitende.

008/26: Innføring av Høyanger som TryggEst-kommune

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret støttar innføring av arbeidet med etablering av TryggEst-modell i kommunen.

Kommunestyret føreset at Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert trekt med i det vidare arbeidet.

Kommunestyre 26.02.2026

Behandling:

Hedda Andrine Skår Indrebø (R) sette fram følgande endringsframlegg:

Kommunestyret føreset at Eldrerådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Utval for helse og omsorg vert trekt med i det vidare arbeidet.

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding med framlegg frå Indrebø: Samrøystes vedteke

KS- 008/26 VEDTAK:

Kommunestyret støttar innføring av arbeidet med etablering av TryggEst-modell i kommunen.

Kommunestyret føreset at Eldrerådet, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Utval for helse og omsorg vert trekt med i det vidare arbeidet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek følgjande svar på spørsmåla i debattheftet 2026:

1. Kva må vi gjere i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra for å auke endringstakt for berekraftig velferd?

- kartlegge nosituasjon
- kompetanse kartlegging og kompetanseplanar
- behovsbaserte tenester
- samarbeid offentlege og privat
- innbyggardialog
- eldre som ressurs
- god økonomioppfølging og styring
- digitalisering
- involvere frivillige og pårørande

2. Korleis kan vi i vår kommune, dei neste to åra, ta i bruk dei arbeidskraftressursane som finst?

- tidleg førebygging i skule
- det skal lønne seg å arbeide
- rett kompetanse på rett plass
- ta lærdom av TØRN prosjektet
- kompetanseutvikling
- etter- og vidareutdanning
- arbeid med sjukefråvær
- god leiing
- færebygge utanforskap
- nytte seg av NEET som ressurs
- kartleggingarbeid med kva ressursar som finnes
- ikkje berre vektlegge formalkompetanse

Samfunnssikkerhet og beredskap

Kommunar og fylkeskommunar førebur seg på at det verst tenkelige kan skje. Vi må tenke nytt om sikkerhet og skjerpet beredskap. Gårsdagens trusler er utdaterte. Det er nødvendig å heve blikket og ta vår tids trusler på alvor.

En samlet kommunesektor tok alvor et inn over seg på KS' landsting i 2024. Kommunenes og fylkeskommunenes største og mest representative politiske forsamling ble i sine politiske prioriteringer enige om å sette samfunnssikkerhet og beredskap høyt på den politiske dagsordenen i alle kommuner og fylkeskommuner.

KS spør

3. Kva må vi prioritere i vår kommune for å styrke beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

- god kommunikasjon
- ivareta og prioritere samfunnskritisk infrastruktur
- samarbeid på tvers av kommunar
- kartlegging av kva har vi, kva kan vi, viktig infrastruktur
- gode og oppdaterte planar
- kartlegge ressursar på alle nivå i kommunen
- øving

- oversikt tilfluktsrom
- ROS analysar
- informasjonsstrategi
- "øydriфт" av kraftanlegg (lokal styring/køyring av kraftforsyning i krisesituasjonar)

Kommunestyre 26.02.2026

Behandling:

Einar Rysjedal (R) sette fram følgande endringsframlegg:

Endring innafor del 1:

- frå «samarbeid offentlege og privat» til: samarbeid offentlege og ideelle aktørar.

Endring innafor del 2:

- frå «leiing» til: god leiing gjennom trepartssamarbeid

Einar Rysjedal (R) sette fram følgande tilleggsframlegg:

Nye punkt innafor del 3:

- styrke norsk sjølvberging innan matproduksjon
- ta vare på det ikkje-sentraliserte sine fordelar

Det er viktig at KS vil halde fram med å fremje kommunane sine forventningar overfor sentrale myndigheiter. Det er ikkje ønskjeleg at kommunane, i eit rikt land som Norge, må endre/reducere tenester og ytingar ned mot eit lovfesta minimum. Den velferdsleverande kommunesektoren må heller styrkast

Avrøysting

Det var røysta alternativt over kommunedirektøren si tilråding og framlegg frå Rysjedal slik:

Del 1: Kommunedirektøren si tilråding med 15 røyster mot 6 (R, SV, SP-Forthun og Haugsbø) røyster for framlegg frå Rysjedal

Del 2: Kommunedirektøren si tilråding med 13 røyster mot 8 (R, SV, Fureli, SP-Østerbø, Forhun, Haugsbø) røyster for framlegg frå Rysjedal

Framlegg frå Rysjedal, nytt punkt 3, 1. strekpunkt: med 11 mot 10 (AP, H) røyster

Framlegg frå Rysjedal, nytt punkt 3, 2. strekpunkt: med 11 mot 10 (AP, H) røyster

Framlegg frå Rysjedal (2. avsnitt): samrøystes vedteke

KS- 009/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek følgjande svar på spørsmåla i debbatheftet 2026:

- 1. Kva må vi gjere i vår kommune/fylkeskommune dei neste to åra for å auke endringstakt for berekraftig velferd?**
 - kartlegge nosituasjon
 - kompetanse kartlegging og kompetanseplanar
 - behovsbaserte tenester
 - samarbeid offentlege og privat
 - innbyggardialog
 - eldre som ressurs
 - god økonomioppfølging og styring
 - digitalisering
 - involvere frivillige og pårørande
- 2. Korleis kan vi i vår kommune, dei neste to åra, ta i bruk dei arbeidskraftressursane som finst?**
 - tidleg førebygging i skule
 - det skal lønne seg å arbeide
 - rett kompetanse på rett plass
 - ta lærdom av TØRN prosjektet

- kompetanseutvikling
- etter- og vidareutdanning
- arbeid med sjukefråvør
- god leiing
- færebygge utanforskap
- nytte seg av NEET som ressurs
- kartleggingarbeid med kva ressursar som finnes
- ikkje berre vektlegge formalkompetanse

Samfunnssikkerhet og beredskap

Kommunar og fylkeskommunar førebur seg på at det verst tenkelige kan skje. Vi må tenke nytt om sikkerhet og skjerpet beredskap. Gårsdagens trusler er utdaterte. Det er nødvendig å heve blikket og ta vår tids trusler på alvor.

En samlet kommunesektor tok alvoret inn over seg på KS' landsting i 2024. Kommunenes og fylkeskommunenes største og mest representative politiske forsamling ble i sine politiske prioriteringer enige om å sette samfunnssikkerhet og beredskap høyt på den politiske dagsordenen i alle kommuner og fylkeskommuner.

KS spør

3. Kva må vi prioritere i vår kommune for å styrke beredskapsevna – både i eigen organisasjon og i lokalsamfunnet?

- god kommunikasjon
- ivareta og prioritere samfunnskritisk infrastruktur
- samarbeid på tvers av kommunar
- kartlegging av kva har vi, kva kan vi, viktig infrastruktur
- gode og oppdaterte planar
- kartlegge ressursar på alle nivå i kommunen
- øving
- oversikt tilfluktsrom
- ROS analysar
- informasjonsstrategi
- "øydriфт" av kraftanlegg (lokal styring/køyring av kraftforsyning i krisesituasjonar)
- styrke norsk sjølvberging innan matproduksjon
- ta vare på det ikkje-sentraliserte sine fordelar

Det er viktig at KS vil halde fram med å fremje kommunane sine forventningar overfor sentrale myndigheiter. Det er ikkje ønskjeleg at kommunane, i eit rikt land som Norge, må endre/reducere tenester og ytingar ned mot eit lovfesta minimum. Den velferdsleverande kommunesektoren må heller styrkast.

010/26: Forskrift om skulerute for Høyanger kommune, skuleåret 2026 - 2027

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek forskrift om skulerute for Høyanger kommune, skuleåret 2026 - 2027, slik den ligg føre.

Ungdomsråd 03.02.2026

Behandling:

Martin K. Heggø sette fram følgande framlegg:

Ungdomsrådet ber om at det ikkje vert nytta elevfrie dagar i skuleruta. Dette fordi rådet opplev at innskulinga blir nytta til lekser og det blir ikkje gitt tilbod om undervisning.

Bo Forthun James sette fram følgande tilleggsframlegg:

Forskrift om skulerute for skuleåret 2026-2027 blir vedteken slik den ligg føre under føresetnad om at innskulingstimane vert nytta til å jobbe med pensum, som skulle vore gjennomgått på dei elevfrie dagane.

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding med tilleggsframlegg frå James: 5 røyster
Framlegg frå Heggø: 2 røyster (Heggø og Bell)

UR- 003/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek forskrift om skulerute for Høyanger kommune, skuleåret 2026 - 2027, slik den ligg føre.

Forskrift om skulerute for skuleåret 2026-2027 blir vedteken slik den ligg føre under føresetnad om at innskulingstimane vert nytta til å jobbe med pensum, som skulle vore gjennomgått på dei elevfrie dagane.

Utval for oppvekst 05.02.2026

Behandling:

Hege Rusti (AP) la fram følgande tilleggsframlegg:

Kommunestyret vedtek forskrift om skulerute for Høyanger kommune, skuleåret 2026-2027, slik den ligg føre, med tillegg frå ungdomsrådet:

Forskrift om skulerute for skuleåret 2026-2027 blir vedteken slik den ligg føre under føresetnad om at innskulingstimane vert nytta til å jobbe med pensum, som skulle vore gjennomgått på dei elevfrie dagane.

Avrøysting:

Framlegg frå Rusti: Samrøystes vedteke

OP- 005/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek forskrift om skulerute for Høyanger kommune, skuleåret 2026 - 2027, slik den ligg føre, med følgjande tillegg:

Forskrift om skulerute for skuleåret 2026-2027 blir vedteken slik den ligg føre under føresetnad om at innskulingstimane vert nytta til å jobbe med pensum, som skulle vore gjennomgått på dei elevfrie dagane.

Kommunestyre 26.02.2026

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå Utval for oppvekst: Samrøystes vedteke

KS- 010/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek forskrift om skulerute for Høyanger kommune, skuleåret 2026 - 2027, slik den ligg føre, med følgjande tillegg:

Forskrift om skulerute for skuleåret 2026-2027 blir vedteken slik den ligg føre under føresetnad om at innskulingstimane vert nytta til å jobbe med pensum, som skulle vore gjennomgått på dei elevfrie dagane.

011/26: Prosjektmidlar kultur og folkehelse - justering av tildelingskriterium

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek justering av tildelingskriterium for prosjektmidlar for kultur og folkehelse, slik det ligg føre.

Utval for samfunn 06.02.2026

Behandling:

SLT- og Folkehelsekoordinator Kristina Skogly orienterte om saka.

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

SF- 003/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek justering av tildelingskriterium for prosjektmidlar for kultur og folkehelse, slik det ligg føre.

Kommunestyre 26.02.2026

Behandling:

Kristin Myren (SP) sette fram følgande endringsframlegg:

Endringsforslag

Kommunestyret vedtek følgande justering av tildelingskriterium for prosjektmidlar for kultur og folkehelse:

1. Føremål

Støtte tidsavgrensa kultur- og folkehelseiltak i Høyanger kommune som fremjar deltaking, inkludering, meistring og trivsel. Ordninga kan støtte tiltak som fremjar sosial utjamning og styrkar den lokale kultur- og frivillegheta

Det vert ikkje gitt støtte til ordinær drift.

2. Kven kan søkje

Lag, foreiningar og ideelle organisasjonar som oppfyller alle desse punkta:

- registrert i frivillegregisteret
- lokal tilknytning til Høyanger kommune
- bankkonto i organisasjonen sitt namn

Kommunale einingar og kommersielle aktørar kan ikkje søkje.

3. Kva kan få støtte

- Tidsavgrensa prosjekt eller arrangement
- Opne og lågterskel tiltak
- Tiltak som når breitt ut eller retta mot grupper med låg deltaking

4. Vurdering

Det vert lagt vekt på:

- Effekt for deltaking og folkehelse
- At prosjektet kjem fleire til gode
- Realistisk budsjett og gjennomføring
- Samarbeid med andre lag, foreiningar eller kommunale tenester

- Samordning med kommunen sine planar og satsingar
- Midlar vert fordelte innanfor ramma med mål om god fordeling rundt i kommunen.

5. Krav til søknad

Søknaden skal innehalde:

- Prosjektnamn
- Kort beskriving (mål, målgruppe, stad og tidspunkt)
- prosjektbudsjett med oversikt over inntekter og utgifter inkludert opplysning om eigenfinansiering og andre tilskot

Prosjektet skal synleggjerast på den til ei kvar tid gjeldande aktivitetskalendaren p.t. Friskus.
(<https://hoyanger.friskus.com/>)

6. Rapportering

Etter gjennomføring skal det leverast:

- Kort sluttrapport
- Enkelt prosjektrekneskap

Manglande rapportering kan få konsekvensar for framtidige søknadar. Høyanger kommune kan synleggjere prosjekta i sine kanalar.

7. Klage

Vedtak kan påklagast etter forvaltningslova.

8. Handsaming

Søknadsfrist vert annonsert. Vedtak vert gjort av Utval for samfunn.

Kristin Myren la fram følgande framlegg:

Saka blir utsett til neste møte i kommunestyret.

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke

KS- 011/26 VEDTAK:

Saka blir utsett til neste møtet.

012/26: Allmenn taksering eigedomskatt - endring av eigedomskattevedtekter

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek:

1. Høyanger kommune endrar nemndsform til sakkyndig nemd
2. Frå skatteåret 2027 skal Høyanger kommune nytte skatteetaten sitt formuesgrunnlag for utskriving av skatt på bustadeigedomar jmf. eigedomskattelova § 8 C-1
3. Oppdaterte eigedomskattetakstvedtekter vert lagt fram til behandling i neste kommunestyremøte.

Formannskap 12.02.2026

Behandling:

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

FS- 06/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek:

1. Høyanger kommune endrar nemndsform til sakkyndig nemnd.
2. Frå skatteåret 2027 skal Høyanger kommune nytte skatteetaten sitt formuesgrunnlag for utskriving av skatt på bustadeigedomar jmf. eigedomskattelova § 8 C-1.
3. Oppdaterte eigedomskattetakstvedtekter vert lagt fram til behandling i neste kommunestyremøte.

Kommunestyre 26.02.2026

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke.

KS- 012/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek:

1. Høyanger kommune endrar nemndsform til sakkyndig nemnd.
2. Frå skatteåret 2027 skal Høyanger kommune nytte skatteetaten sitt formuesgrunnlag for utskriving av skatt på bustadeigedomar jmf. eigedomskattelova § 8 C-1.
3. Oppdaterte eigedomskattetakstvedtekter vert lagt fram til behandling i neste kommunestyremøte.

013/26: Temaplan og samarbeidsavtale for skulebibliotek

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek at Høyanger kommune skal utarbeide temaplan og samarbeidsavtale for skulebibliotek.

Utval for oppvekst 05.02.2026

Behandling:

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke.

OP- 003/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek at Høyanger kommune skal utarbeide temaplan og samarbeidsavtale for skulebibliotek.

Formannskap 12.02.2026

Behandling:

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

FS- 07/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek at Høyanger kommune skal utarbeide temaplan og samarbeidsavtale for skulebibliotek.

Kommunestyre 26.02.2026

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke

KS- 013/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek at Høyanger kommune skal utarbeide temaplan og samarbeidsavtale for skulebibliotek.

014/26: Plan for barnehage- og skulestruktur

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide eiga sak om etablering av oppvekstsenter i Bjordal.

Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide eiga sak om etablering av oppvekstsenter i Lavik.

Vadheim oppvekstsenter skuledel vert lagt ned permanent frå 2028.

Kyrkjebø skule vert tilrådd lagt ned frå skuleåret 2027 - 2028.

Ungdomsråd 03.02.2026

Behandling:

Ungdomsrådet kommenterte at sakspapira kom for seint ut, slik at medlemene fekk for lite tid til å sette seg inn i saka.

Kommunalsjef oppvekst, Stig Engen, presenterte endringane i barnehage- og skulebruksplanen.

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding, punkt 1 og 2: Samrøystes

Kommunedirektøren si tilråding, punkt 3: med 1 (Heggø) mot 6 røyster

Kommunedirektøren si tilråding, punkt 4: mot 7 røyster

Uttale frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet er uroa for bu og bli lyst i grendene og fryktar at folk kan flytte ut av bygdene og kommunen. Lokalsamfunna vert mindre attraktive utan viktige tilbod som barnehage og skule. Ungdomsrådet er kjende med fleire eksempel på familiar der dei vaksne har jobb i Sunnfjord og er redd ei slik endring vil resultere i fråflytting.

Ungdomsrådet er bekymra for farlig og rasutsatt skuleveg.

Dumt at ungar må pendle frå ung alder.

UR- 004/26 VEDTAK:

Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide eiga sak om etablering av oppvekstsenter i Bjordal.

Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide eiga sak om etablering av oppvekstsenter i Lavik.

Uttale frå ungdomsrådet:

Ungdomsrådet er uroa for bu og bli lyst i grendene og fryktar at folk kan flytte ut av bygdene og kommunen. Lokalsamfunna vert mindre attraktive utan viktige tilbod som barnehage og skule. Ungdomsrådet er kjende med fleire eksempel på familiar der dei vaksne har jobb i Sunnfjord og er redd ei slik endring vil resultere i fråflytting.

Ungdomsrådet er bekymra for farlig og rasutsatt skuleveg.

Dumt at ungar må pendle frå ung alder.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 03.02.2026

Behandling:

Rådet la fram følgende felles framlegg:

Som Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) viste til i sin høyringsuttale er FN konvensjonen om personar med nedsatt funksjonsevne (CRPD) lite tilstades i planen. I endringa har det vorte beskrive ytterlegare om barns beste, inkluderande og tilpassa undervisning jamfør lovverk.

Det manglar informasjon om korleis ein skal sikre at born med nedsett funksjonsevne vert diskriminert ved manglande universell utforming. Det manglar framleis informasjon om korleis ein skal unngå å diskriminere born i høve leikeapparat dei ikkje kan bruke på grunn av manglande tilrettelegging. Utfrå vår forståing av CRPD bør det også gjerast ei kartlegging av leikeapparat i barnehagar og skular i Høyanger kommune, undervisningsrom og spesialrom. Segrering skal som planen også beskriv, vere unntaket. Det gjeld også tilgangar til rom og moglegheiter for lek.

RMNF saknar framleis referanse til CRPD i vedleggslista. Sidan CRPD er menneskerettar kan ikkje planen vere i strid mot denne og vi opplev at planen ikkje har god nok forankring i FN konvensjonen om personar med nedsett funksjonsevne.

Avrøysting

Framlegg: Samrøystes vedteke

RMNF- 005/26 VEDTAK:

Som Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) viste til frå vår høyringsuttale er FN konvensjonen om personar med nedsatt funksjonsevne (CRPD) lite tilstades i planen. I endringa har det vorte beskrive ytterlegare om barns beste, inkluderande og tilpassa undervisning jamfør lovverk.

Det manglar informasjon om korleis ein skal sikre at born med nedsett funksjonsevne vert diskriminert ved manglande universell utforming. Det manglar framleis informasjon om korleis ein skal unngå å diskriminere born i høve leikeapparat dei ikkje kan bruke på grunn av manglande tilrettelegging. Utfrå vår forståing av CRPD bør det også gjerast ei kartlegging av leikeapparat i barnehagar og skular i Høyanger kommune, undervisningsrom og spesialrom. Segrering skal som planen også beskriv, vere unntaket. Det gjeld også tilgangar til rom og moglegheiter for lek.

RMNF saknar framleis referanse til CRPD i vedleggslista. Sidan CRPD er menneskerettar kan ikkje planen vere i strid mot denne og vi opplev at planen ikkje har god nok forankring i FN konvensjonen om personar med nedsett funksjonsevne.

Utval for oppvekst 05.02.2026

Behandling:

Hege Rusti (AP) la fram følgjande tilleggsframlegg, nytt punkt 4:

Kommunestyret vedtek å oppretthalde Kyrkjebø skule, og ber kommunedirektøren utarbeide eiga sak om oppvekstsenter på Kyrkjebø i Lavik og i Bjordal. I tillegg ønskjer kommunestyret ei utgreiing rundt potensiell innsparing i Kyrkjebø og Lavik barnehage der ein går frå 2 avdelingar til 1 avdeling.

Avrøysting:

Kommunedirektøren si tilråding, punkt 1, 2 og 3: Samrøystes vedteke.

Framlegg frå Rusti, nytt punkt 4: Samrøystes vedteke.

OP- 006/26 FRAMLEGG:

1. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide eiga sak om etablering av oppvekstsenter i Bjordal.

2. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide eiga sak om etablering av oppvekstsenter i Lavik.
3. Vadheim oppvekstsenter skuledel vert lagt ned permanent frå 2028.
4. Kommunestyret vedtek å oppretthalde Kyrkjebø skule, og ber kommunedirektøren utarbeide eiga sak om oppvekstsenter på Kyrkjebø i Lavik og i Bjordal. I tillegg ønskjer kommunestyret ei utgreiing rundt potensiell innsparing i Kyrkjebø og Lavik barnehage der ein går frå 2 avdelingar til 1 avdeling.

Formannskap 12.02.2026

Behandling:

Jonas Haugsbø (SP) sette fram følgande endrings- og tilleggframlegg:

Kyrkjebø: Kommunestyret vedtek å oppretthalde Kyrkjebø skule. Kommunedirektør får i oppdrag å utgreie eiga sak om oppvekstsenter på Kyrkjebø.

Barnehage: Kommunestyret ynskjer ei utgreiing rundt potensiell innsparing i Kyrkjebø og Lavik barnehage der ein går frå 2 avdelingar til 1 avdeling.

Innsparing: Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide eiga sak MED innsparingstiltak og kostnadseffektivisering av administrative ressursar i Tenesteområde oppvekst.

Einar Rysjedal (R) sette fram følgande tilleggsframlegg, nytt punkt 1:

Kommunestyret tar plan for barnehage- og skulestruktur slik den no ligg føre, til vitende.

Kristin S. Råsberg (AP) sette fram følgande endringsframlegg:

Kommunedirektøren får i oppdrag å utgreie eiga sak om etablering av oppvekstsenter i Bjordal.

Kommunedirektøren får i oppdrag å utgreie eiga sak om etablering av oppvekstsenter i Lavik.

Avrøysting

Framlegg frå Utval for oppvekst, punkt 3: med 4 mot 1 (R) røyst

Framlegg frå Råsberg: med 4 mot 1 (SP-Forthun) røyst

Framlegg frå Rysjedal: samrøystes vedteke

Framlegg frå Haugsbø, Kyrkjebø: samrøystes vedteke

Framlegg frå Haugsbø, barnehage: samrøystes vedteke

Framlegg frå Haugsbø, innsparing: med 3 mot 2 (AP) røyster

FS- 08/26 FRAMLEGG:

1. Kommunestyret tar plan for barnehage- og skulestruktur slik den no ligg føre, til vitende.
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å utgreie eiga sak om etablering av oppvekstsenter i Bjordal.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å utgreie eiga sak om etablering av oppvekstsenter i Lavik.
4. Vadheim oppvekstsenter skuledel vert lagt ned permanent frå 2028.
5. Kommunestyret vedtek å oppretthalde Kyrkjebø skule. Kommunedirektør får i oppdrag å utgreie eiga sak om oppvekstsenter på Kyrkjebø.
6. Kommunestyret ynskjer ei utgreiing rundt potensiell innsparing i Kyrkjebø og Lavik barnehage der ein går frå 2 avdelingar til 1 avdeling.
7. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide eiga sak med innsparingstiltak og kostnadseffektivisering av administrative ressursar i Tenesteområde oppvekst.

Behandling:

Kommunalsjef oppvekst, Stig S. Engen, orienterte kort om prosessen om plan for barnehage og skulestruktur.

Hege Rusti sette fram følgende endringsframlegg:

Kommunestyret vedtek punkt 1- 3 og 5 i vedtaket frå formannskapet med tilleggspunkt i 2, 3 og 5: Med ei eventuell effektivering frå skulestart i 2027.

Nytt forslag til vedtak i punkt 4: Kommunestyret vedtek at nedlegging av skuledelen i Vadheim vert utsett til 2028.

Nytt forslag til punkt 7: Kommunestyret støttar ikkje vedtaket frå formannskapet i punkt 7.

Rusti trekte framlegget sitt før avrøystinga.

Hedda Andrine Skår Indrebø (R) sette fram følgende endringsframlegg:

1. Kommunestyret tar plan for barnehage- og skulestruktur slik den no ligg føre, til vitende.

2. Ei eventuell permanent nedlegging av Vadheim oppvekstsenter skuledel vert tatt opp igjen som sak på første kommunestyremøte i 2028.

3. Kommunestyret vedtek å oppretthalde og drifte Kyrkjebø skule som i dag.

4. Kommunestyre ynskjer ei utgreiing av å auke frå 1 til 2 avdeling barnehage ved Vadheim oppvekstsenter.

5. Kommunestyret ynskjer ei utgreiing rundt potensiell innsparing i samanslåing av barnehageavdelingar i heile kommunen, samt konsekvensane av dette. Alle barnehagane i kommunen skal ha minst 1 avdeling.

6. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeide eiga sak med innsparingstiltak og kostnadseffektivisering av administrative ressursar i Tenesteområde oppvekst.

Indrebø trekte punkt 6 i sitt framlegg før avrøystinga.

Avrøysting

Det vart røysta punktvis:

Framlegg frå formannskapet, punkt 1: Samrøystes vedteke

Framlegg frå formannskapet, punkt 2: med 11 mot 10 (SP, R, VIP, SV, Dregelid) røyster

Framlegg frå formannskapet, punkt 3: med 11 mot 10 (SP, R, VIP, SV, Dregelid) røyster

Framlegg frå formannskapet punkt 4 alternativt framlegg frå Indrebø punkt 2:

Framlegg frå Indrebø samrøystes vedteke

Framlegg frå formannskap punkt 5 alternativt framlegg frå Indrebø punkt 3:

11 røysta for framlegget frå formannskapet og 10 (SP, R, VIP, SV, Dregelid) røysta for framlegget frå Indrebø

Framlegg frå formannskap punkt 6 alternativt framlegg frå Indrebø punkt 5:

11 røysta for framlegg frå Indrebø og 10 (AP, H) røysta for framlegg frå formannskap

Framlegg frå formannskapet punkt 7: Fall med 5 (SP, VIP) mot 16 røyster

KS- 014/26 VEDTAK:

1. Kommunestyret tar plan for barnehage- og skulestruktur slik den no ligg føre, til vitende.
2. Kommunedirektøren får i oppdrag å utgreie eiga sak om etablering av oppvekstsenter i Bjordal.
3. Kommunedirektøren får i oppdrag å utgreie eiga sak om etablering av oppvekstsenter i Lavik.
4. Ei eventuell permanent nedlegging av Vadheim oppvekstsenter skuledel vert tatt opp igjen som sak på første kommunestyremøte i 2028.

5. Kommunestyret vedtek å oppretthalde Kyrkjebø skule. Kommunedirektør får i oppdrag å utgreie eiga sak om oppvekstsenter på Kyrkjebø.
6. Kommunestyret ynskjer ei utgreiing rundt potensiell innsparing i samanslåing av barnehageavdelingar i heile kommunen, samt konsekvensane av dette. Alle barnehagane i kommunen skal ha minst 1 avdeling.

015/26: Legetenesta - utekontor

Kommunedirektøren si tilråding:

Legetenesta vert bemanna med utekontor 4 dagar i månaden fordelt på Lavik og Søreide. I tillegg vil det vere sjukepleiar minimum ein dag kvar veke på utekontora og utføre sjukepleiaroppgåver og delegerte legeoppgåver

Det er ikkje budsjettdekning for tilsetjing av fleire legar. Det er heller ikkje midlar på disposisjonsfondet til finansiering av ny stilling. Dei 400 listepasientane som er utan fastlege frå 1.april vert fordelt på dei andre fastlegane.

Utval for helse og omsorg 05.02.2026

Behandling:

Kristin Myren (SP) sette fram følgande endringsframlegg:

1. Kommunestyret vedtek at utekontora for legetenesta i Høyanger kommune skal vere ein fast og føreseieleg del av det kommunale helsetilbodet. Opningstidene skal vere faste og planlagde, og fordelast mellom Lavik og Søreide

2. Utekontora skal samla ha:

a. Lege minimum to dagar per veke

b. sjukepleiar minimum tre dagar per veke. Sjukepleiar utfører sjukepleiaroppgåver og delegerte legeoppgåver

3. Kommunedirektøren skal sørge for tydeleg og oppdatert informasjon til innbyggjarane om opningstider, bemanning og eventuelle endringar i tilbodet.

4. Kommunedirektøren skal informere innbyggjarane om digitale samhandlingsløysingar helsetenesta tilbyr.

Hedda Andrine Skår Indrebø, (R), sette fram følgande endringsframlegg, nytt punkt 2:

2. Utekontora skal samla ha:

a. Lege i Lavik minimum 1 dag per veke og 2 dagar når det ikkje er lege på Søreide og lege på Søreide minimum 1 dag anna kvar veke. (Samla 2 legedagar i veka)

b. Sjukepleiar minimum 2 dagar per veke i Lavik og sjukepleiar minimum 1 dag per veke på Søreide. Sjukepleiar utfører sjukepleiaroppgåver og delegerte legeoppgåver (Samla 3 sjukepleiardagar i veka)

Representanten frå Velfeld- og Innovasjonspartiet ba om ei orientering om kvifor kommunestyrevedtaket i desember, om opningstidene ved utekontora, ikkje hadde vore gjennomført. Kommunalsjef helse og omsorg informerte om at ho hadde orientert kommunedirektør og ordførar om at kommunestyret sitt vedtak om opningstidene ved utekontora ikkje har vore gjennomførbart.

Avrøysting:

Framlegg frå Myren, punkt 1, 3 og 4: Samrøystes vedteke

Framlegg frå Indrebø, nytt punkt 2: Samrøystes vedteke

HS- 005/26 FRAMLEGG:

1. Kommunestyret vedtek at utekontora for legetenesta i Høyanger kommune skal vere ein fast og føreseieleg del av det kommunale helsetilbodet. Opningstidene skal vere faste og planlagde, og fordelast mellom Lavik og Søreide

2. Utekontora skal samla ha:

- a. Lege i Lavik minimum 1 dag per veke og 2 dagar når det ikkje er lege på Søreide og lege på Søreide minimum 1 dag anna kvar veke. (Samla 2 legedagar i veka)
- b. Sjukepleiar minimum 2 dagar per veke i Lavik og sjukepleiar minimum 1 dag per veke på Søreide. Sjukepleiar utfører sjukepleiaroppgåver og delegerte legeoppgåver (Samla 3 sjukepleiardagar i veka)

3. Kommunedirektøren skal sørge for tydeleg og oppdatert informasjon til innbyggjarane om opningstider, bemanning og eventuelle endringar i tilbodet.

4. Kommunedirektøren skal informere innbyggjarane om digitale samhandlingsløysingar helsetenesta tilbyr.

Formannskap 12.02.2026

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå Utval for helse og omsorg: Samrøystes vedteke

FS- 09/26 FRAMLEGG:

1. Kommunestyret vedtek at utekontora for legetenesta i Høyanger kommune skal vere ein fast og føreseieleg del av det kommunale helsetilbodet. Opningstidene skal vere faste og planlagde, og fordelast mellom Lavik og Søreide

2. Utekontora skal samla ha:

- a. Lege i Lavik minimum 1 dag per veke og 2 dagar når det ikkje er lege på Søreide og lege på Søreide minimum 1 dag anna kvar veke. (Samla 2 legedagar i veka)
- b. Sjukepleiar minimum 2 dagar per veke i Lavik og sjukepleiar minimum 1 dag per veke på Søreide. Sjukepleiar utfører sjukepleiaroppgåver og delegerte legeoppgåver (Samla 3 sjukepleiardagar i veka)

3. Kommunedirektøren skal sørge for tydeleg og oppdatert informasjon til innbyggjarane om opningstider, bemanning og eventuelle endringar i tilbodet.

4. Kommunedirektøren skal informere innbyggjarane om digitale samhandlingsløysingar helsetenesta tilbyr.

Kommunestyre 26.02.2026

Behandling:

Wenche Kristin Røkenes (AP) sette fram følgende utsettingsframlegg:

Slik saksframlegget er til kommunestyre er det vanskeleg å vurdere kommunedirektøren sitt framlegg opp mot framlegget frå utval for helse og omsorg.

Vi ynskjer difor saka opp att på neste kommunestyre der begge framlegga vert konsekvensutgreia både økonomisk og helsefagleg. Dersom opningstidene ved utekontora skal reduserast, må utgreiinga synleggjere korleis tenestene skal organiserast ved utekontora. Dersom framlegget frå utvalet har ein ekstrakostnad må dette leggjast inn frå administrasjonen som ein søknad om tillegsløyving/budsjettregulering.

Inn til neste møte har kommunestyre full tillit til at kommunedirektøren styrer legetjenesta til det beste for innbyggjarane i heile kommunen, innafor dei budsjetttrammene som er gitt.

Avrøysting

Utsettingsframlegget vart vedteke med 11 mot 10 (SP, R, VIP, SV, Fureli) røyster

KS- 015/26 VEDTAK:

Slik saksframlegget er til kommunestyre er det vanskeleg å vurdere kommunedirektøren sitt framlegg opp mot framlegget frå utval for helse og omsorg.

Vi ynskjer difor saka opp att på neste kommunestyre der begge framlegga vert konsekvensutgreia både økonomisk og helsefagleg. Dersom opningstidene ved utekontora skal reduserast, må utgreiinga synleggjere korleis tenestene skal organiserast ved utekontora. Dersom framlegget frå utvalet har ein ekstrakostnad må dette leggst inn frå administrasjonen som ein søknad om tillegsløyving/budsjettregulering.

Inn til neste møte har kommunestyre full tillit til at kommunedirektøren styrer legetjenesta til det beste for innbyggjarane i heile kommunen, innafor dei budsjetttrammene som er gitt.

016/26: Prosjekthandbok

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek å innføre prosjekthandbok for Høyanger kommune som del av kommunen sitt rutineverk.

Prosjekthandboka skal nyttast som styrande dokument for planlegging, gjennomføring og oppfølging av prosjekt i kommunen, med særleg vekt på investeringsprosjekt.

Det vert lagt til grunn at prosjekthandboka skal reviderast første gong mot slutten av 2026, etter gjennomføring av PLP-kurs og opparbeidd erfaring med bruk av handboka.

Formannskap 12.02.2026

Behandling:

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

FS- 10/26 FRAMLEGG:

Kommunestyret vedtek å innføre prosjekthandbok for Høyanger kommune som del av kommunen sitt rutineverk.

Prosjekthandboka skal nyttast som styrande dokument for planlegging, gjennomføring og oppfølging av prosjekt i kommunen, med særleg vekt på investeringsprosjekt.

Det vert lagt til grunn at prosjekthandboka skal reviderast første gong mot slutten av 2026, etter gjennomføring av PLP-kurs og opparbeidd erfaring med bruk av handboka.

Kommunestyre 26.02.2026

Behandling:

Avrøysting

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke

KS- 016/26 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek å innføre prosjekthandbok for Høyanger kommune som del av kommunen sitt rutineverk.

Prosjekthandboka skal nyttast som styrande dokument for planlegging, gjennomføring og oppfølging av prosjekt i kommunen, med særleg vekt på investeringsprosjekt.

Det vert lagt til grunn at prosjekthandboka skal reviderast første gong mot slutten av 2026, etter gjennomføring av PLP-kurs og opparbeidd erfaring med bruk av handboka.

017/26: Kommuneplanen sin arealdel 2026–2038

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-14 å legge revidert framlegg til kommuneplanen sin arealdel lagt ut på 2. gongs høyring og offentlig ettersyn.

Høyring og offentlig ettersyn omfattar endringar i planframlegget etter 1. gongs høyring.

Planutval 26.02.2026

Behandling:

Eining for plan, prosjekt og forvaltning v/Synne Vefring og Einar T. Øyehaug, orienterte om planen.

Avrøysting

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

FP- 002/26 FRAMLEGG:

Kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-14 å legge revidert framlegg til kommuneplanen sin arealdel lagt ut på 2. gongs høyring og offentlig ettersyn.

Høyring og offentlig ettersyn omfattar endringar i planframlegget etter 1. gongs høyring.

Kommunestyre 26.02.2026

Behandling:

Eining for plan, prosjekt og forvaltning v/Synne Vefring og Einar T. Øyehaug, orienterte om arbeidet med den framlagde planen.

Avrøysting

Framlegg frå planutvalet: Samrøystes vedteke

KS- 017/26 VEDTAK:

Kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-14 å legge revidert framlegg til kommuneplanen sin arealdel lagt ut på 2. gongs høyring og offentlig ettersyn.

Høyring og offentlig ettersyn omfattar endringar i planframlegget etter 1. gongs høyring.